


Lars Hustveit

Sogn og Fjordane Fylkeskommune


- koordinator for internasjonalt arbeid i fylkeskommunen
- medlem i programgruppa for gjennomføring av fylket sitt ”program landbruk og bygdeutvikling”
- prosjektleiar for ”Forprosjekt fjellregionsamarbeid” - der fylka Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane, Buskerud og Telemark samarbeider

**Tema for dette innlegget:**

**”bruk og vern” - nasjonalparkar kan brukast meir aktivt til utvikling i randsonene rundt verneområde**.



# Mitt innlegg:

- 5 fylke arbeider med å etablerer eit fjellregionsamarbeid
- Viktige problemstillingar sett frå Sogn og Fjordane ståstad
- Eit eksempel på fellestiltak som vil fungere som tilrettelegging for næringsinitiativ



**Forprosjekt FJELLREGIONSAMARBEID**

**Mål**

Deltakande fylke ønskjer å nytte utviklingspotensialet knytt til dei føremoner vi har som fjellområde til lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling. Arbeidet skal vere lokalt forankra og ha lokal verdiskaping som hovudsiktemål.

Evt. etablering av eit hovudprosjekt vert avklara gjennom dette forprosjektet



**INTERREG IIIC: NETWORKING EUROPEAN MOUNTAIN REGIONS PROMOTION SUSTAINABLE TERRITORIAL DEVELOPMENT**

**Formål:** Internasjonal erfaringsutveksling, ”best practice” i fjellregionane

**Deltakere:** Fjellregionar i Italia, Frankrike, Skottland, Spania, Portugal og Noreg

**FELLES MØTEARENAER:**

**Fysisk møtearena:** Årlege seminar

**Virtuell møteareana:** ”Euromountains.net”

**POLITISK FORUM:**

Arbeide med felles politiske spørsmål for fjellregionen

.

**NASJONALT TILTAKSRETTA UTVIKLINGSARBEID**

**- omsetting av internasjonale erfaringar i praksis**

Deltakarar: **Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane, Buskerud, Telemark**

**NB: Figuren er på forslagsstadiet**



# Fjellregionsamarbeidet

## Fjellpolitisk forum

- Pådrivar for å skape ein ny fjellpolitikk i Norge og medspelar i norsk regionalpolitikk
- Kunnskapsformidling om nasjonale og internasjonale emne
- Poltikkutforming i EU og deltaking i Euromontana

**NB: på forslagsstadiet**



# Fylkeskommunane tek ansvar!

**Fjellregionsamarbeidet:**

•Forprosjekt under avslutting for samarbeid Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane, Buskerud og Telemark

- •Eit av tre samarbeidsområde: **Bruk og vern**

•Euomountains.net - søknad inne til Interreg IIIC

- •Eit av tre samarbeidsområde: **the development and management of environmental resources and the challenges of land management in mountain territories**

•Buskerud, Telemark og Sogn og Fjordane medlem i ”Euromontana”



# Litt statistikk

Sogn og Fjordane har totalt om lag 100 verneområde (2 nasjonalparkar, 5 landskapsvernområde, 87 naturreservat , 5 fuglefredingsområde og 13 naturminne)

14,8 % av landarealet i Sogn og Fjordane er verna etter naturvernlova (Jostedalsbreen nasjonalpark utgjer om lag halvdelen av dette arealet)

Jostedalsbreen nasjonalpark er truleg den nasjonalparken som er mest vitja i landet, med eit estimert besøkstal på 600.000 personar i året.

Dei tre nasjonalparksentra kring Jostedalsbreen nasjonalpark har om lag 100.000 besøkande pr år.

Kvart år reiser meir enn 400 000 personar med Flåmsbana, kring 300 000 på  Nærøyfjorden, 120 cruiseskip til Flåm/Nærøyfjorden, ca. 60 til Olden/Nordfjord.



# Landbruket si framtid

WTO gir usikkerheit om framtidige rammevilkår innan tradisjonelt landbruk

Landbruksbefolkinga må snu alle steinar - Ikkje minst nærleiken til NASJONALPARKAR; kvalitetsstempla natur og internasjonal “merkevare”



Olav Grov

”Noko av det særmerkte ved t.d Jostedalsbreen nasjonalpark er levande bygder som ligg heilt inn til "den verna villmarka".
Både Jostedalsbreen og Jotunheimen nasjonalpark vert mykje mindre attraktiv dersom bygdene kring parkane vert borte”.



**Skal vern vedteke ”ovanfrå” av storsamfunnet verkeleg få lokal tilslutning og entusiasme, må nasjonale styresmakter gje noko attende.**

- T.d utviklingsfond av ein viss storleik til dei områda som får vern tett innpå seg.
- Infrastruktur i form av eit skikkeleg informasjons- og formidlingsopplegg
- Lokale arbeidsplassar i form av nasjonalparkforvaltning

I Sogn og Fjordane gjennomfører vi i regi av program landbruk og bygdeutvikling **“NATURBRUKSPROSJEKTET”;**

- Grasrotmobilisering i utvalde bygder
- Dialog omkring “bruk og vern”



**Kan vi snu tenkinga i vidare vernepolitikk? :**

•Lokale initiativ + PBL si medverknadsfilosofi

snarare enn

•Sentrale initiativ + naturvernlova ………

**Jfr det franske systemet med regionale natur- og kulturparkar (**finst også i andre land**).**

<u>Verkemiddel/heimel:</u>

**Regional natur- og kulturpark heimla i plan- og bygningslova**,
og då til arealdelen av kommuneplanen (§ 20-4). Det må i tilfelle kome eit tillegg/lovframlegg i plan- og bygningslova om regional natur- og kulturpark.

Kan dette setje i system eit “nedanfrå og opp” engasjement i bygder rundt eksisterande parkar - eller i heilt nye verdifulle kultur- og naturområde ?

# To nasjonalparkar som kan samanliknast



| Hohe Tauern nasjonalpark<br>Austerike | Jotunheimen nasjonalpark<br>Noreg |
|---|---|
| Ca 380.000 besøkande | Ca 200.000 besøkande |
| 61 årsverk<br>(+ nasjonalparksentra) | 3,5 årsverk til forvaltning og oppsyn<br>(+ nasjonalparksentra) |
| 1800 km2 | 1400km2 inkl Utladalen |



## Endring (St.prp. nr. 65 2002-2003):
## **utnytting av nasjonalparkane i reiselivssamanheng**

Større reiselivs utnytting av nasjonalparkene føreset meir innsats på forvaltningssida!

Dette er viktig både med omsyn til dei besøkande, og for å unngå negative effektar på naturgrunnlaget



# Økonomi:

*”det er opp til fylkeskommunene om de vil prioritere en særskilt innsats for naturbasert næringsutvikling”* (s. 210)

**Prinsippielt: Glimrande !! I praksis ???**

KRD- løyvinga redusert frå 64,7 mill til 61,2 dvs -5,4% når vi brukar Sogn og Fjordane som eksempel

Ingen midlar frå MD

>>> **”Billig vern”**

# I Sogn og Fjordane har vi arbeidd mykje med å formidle informasjon om natur- og kulturarv på internett



- Informasjon til interesserte besøkande
- Ein kunnskapsbase å ause frå for dei som vil utvikle kunsten ”levande formidling”
- Ein kunnskapsbase for opplæring

Eg avsluttar med dømet **“Fjellatlas”** (www.fjellatlas.no)

- eit (mellom fleire) døme på infrastruktur statlege styresmakter burde få på plass i dei nasjonalparkane som er mest verdfulle i reiselivssamanheng.
- Eit døme på eit fellestiltak som kan bidra til lokalt næringsutviklingsarbeid

# Balestrand

TURGUIDE

- Heim
- Kart
- Søk
- Artiklar
- Om turar
- Stadnamn
- Stølar
- Foto
- Film
- Lyd
- Flyfoto
- Satelittdata



# Balestrand

TURGUIDE





Heim
Kart
Søk
Artiklar
Om turar
Stadnamn
Stølar
Foto
Film
Lyd
Flyfoto
Satelittdata

Post 1 av 21
Tilbake til lista
Neste post

# Avtale om vatnet frå Fagravatnet i 1847

**Ei gamal segn fortel at det skal ha skjedd drap som følgje av usemje om rett til vatn frå Fagravatnet. Nedom Fagravatnet deler elva seg og renn vidare både til Skåsheimelva og Flesjeelva. Det er lett å regulera slik at det renn meir til den eine eller den andre. Her heiter det Vasskiljet. Torsdag 11. november 1847 kom gardbrukarane i Stokkebø, Tuftedal, Flesje, Bruhjell, Skåsheim og Sande same hjå oberstløytnant Meidell i Flesje for å kom afram til ein avtale. Strid og usemje skulle no avløysast av ordna former. I nyare tid har trongen for kvernvatn minka, men trongen for drikkevatn ført til nye diskusjonar om vatnet frå Fagravatnet.**

**Mest naturleg vatn til Skåsheimselva**
Dei vart samde om å byggja demning der elvi deler seg nedom Fagravatnet. Vatnet hadde naturleg laup 2/3 til Skåsheim og 1/3 til Flesje. Avtalen lydde vidare slik:
"... naar det indedemte Vand skulde bruges, skulde Sande, Skaasheim og Bruhjeld som nu kaldes den Indre Gaard have Ret til at benytte Vandet 4-fire Dage og Tuftedal, Flesje og Stokkebøe - her kaldet den Ytre Gaard - hver gang i 2 Dage. I hver Gaard udnevnes en Formand, der åreligt ombyttes efter Tour i Gaardene. For den Indre Gaard valgtes for Aaret 1848 Hans Sande og for den Ytre Gaard Hans Stokkebø.

**Lars Skåsheim hadde rive demning**
Naar Demningen er ferdig, pålegges det begge Formend Paasynet med at det naturlige Møde for Vandet som Lars Skaasheim i sin tid har bortrevet af ham erstattes af en dertil passende Jord- og Steenbygning. Naar ingen af Indre eller Ytre Gaard agter at benytte Vanddemmingen til Qvernebrug, anmelder han det 6 Uger førud for vedkommende Formand hvis Pligt det er strax at underrette sine Medeiere i Elven, saavel som Formanden i den andre Gaard. Hvem der skal løse Vandet og efter Afbenyttelsen igjen demme det, bestemmes hver gang af vedkommende Gaards Formand.

**Med påhalden penn**
Den Gaard som benytter Vandet har Ret til at tage saa godt som mulig til den Elv i hvilken samme benyttes, men den som tilsiges igjen at demme Vandet efter Afbenyttelsen er tillige pligtig at borttage de Sagemidler som dertil er blevne brugte. Han anmelder igjen til sin Formand strax naar saadant er skeet og Formanden underretter igjen sin andre Formand derom."
Det vart og innført mulkt for å opna luka utan løyve frå formann. Hans Helgeson Sande, Johannes Kristenson Skåsheim og Kolbein Sjurson Tuftedal skreiv sjølve under avtalen. Lars Olson Skåsheim, Per Nilsson Bruhjell og Hans Jonson Stokkebø skreiv under med påhalden penn. Det var det vanlege på denne tid. Skrivekunsten var ikkje folkeeige.

# Balestrand

TURGUIDE



FOTO

# Balestrand
TURGUIDE






FLYFOTO

# Balestrand

TURGUIDE

- Heim
- Kart
- Søk
- Artiklar
- Om turar
- Stadnamn
- Stølar
- Foto
- Film
- Lyd
- Flyfoto
- Satelittdata



SATELLITT


Balestrand
TURGUIDE
Heim
Kart
Søk
Artiklar
Om turar
Stadnamn
Stølar
Foto
Film
Lyd
Flyfoto
Satelittdata
3D VISUAL-
ISERING








Dalheim